

# Kyrkjeblad for Fjaler

NR.3 DESEMBER 2023

81. ÅRGANG



# Ei strime av von



Foto: Bjørgvin bispedømmekontor

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: *Det er ein*

*menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.*

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; i dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime.

Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljøs i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørge, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram. Det sårbare barnet i krubba synt seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.

Av biskop Ragnhild Jepsen

## FRAMSIDEBILETE

Illustrasjon Jens Flesjå, 2006, iko-forlaget.

# Ljosheimbasaren

## Ljosheimbasaren blir laurdag 10. februar 2024 kl. 15.00.

Fornyng av huset vårt held fram og Ljosheimbasaren er ei viktig inntektskjelde. No er nye gardiner, som vi skreiv om før basaren i fjor, på plass både i storsalen og småsalen. Kjøkkenet har trong for noko meir utstyr får vi tilbakemelding om frå dei som leiger huset til å feire ulike dagar. Det gjeld både bestikk og panner med meir.

Andre laurdagen i februar er fast Ljosheimbasardag. Noter deg datoen i kalenderen. Ser fram til å sjå deg!

Vi set stor pris på og er takksame for gevinstar. Handarbeid er noko mange ønskjer å vinne. Flott om du i mørke vinterkveldar strikkar eller broderer gevinst til Ljosheimbasaren. Kom gjerne innom kyrkjekontoret med gevinstane.

Personar til å sitje på butikkane og selje lodd, er òg noko vi treng hjelp til. Meld deg gjerne om du kan ta ei økt, di fleire vi er dess kortare økter må vi sitje.

Vi er takksame for all støtte, både økonomisk og praktisk for å ta vare på Ljosheim. Eit viktig hus for mange i bygda.



## Kyrkjjetenar ved Guddal kyrkje og ved gravferder i Hellevik kapell. Tek du – de utfordringa?

Ein gjengangar i Kyrkjeblad for Fjaler har vore at vi treng hjelp til å gjennomføre kyrkjelege arrangement.

Kyrkjjetenaren er ein viktig ressurs for å kunne gjennomføre gudstenester, gravferder og andre kyrkjelege arrangement. Det er viktig både at kyrkjene / kapella framstår reine og ryddige, samt at kyrkjjetenaren er til stades under arrangementa. Vi har fått til ei bra løysing ved Dale kyrkje der to deler på kyrkjjetenarjobben. Ved Folkestad kapell har Våge krins bedehusforeining teke på seg kyrkjjetenaransvaret på dugnad, der foreininga mottek eit tilskot for arbeidet.

Men vi manglar kyrkjjetenar ved Guddal kyrkje og ved gravferder i Hellevik kapell. Kyrkjjetenarar er visst «ein utdøyande rase» har eg tidlegare sagt. Skal eg verkeleg få rett i det? Vi håper at det løyser seg i Guddal og på Hellevik.

*Irene, nyleg pensjonert kyrkjevevjerje*

## Velkomen til julekonserten

### Den store julekonserten i Dale kyrkje - Tysdag 19. desember kl.19.00

Kom og høyr lokale musikk-krefter Cantus, Dale Musikkorps, Dalsfjorden Spelemannslag, Dekor og Fjaler kulturskule. Kantor Mark Taylor, allsong og ord for dagen. Kollekt ved utgangen. Vel møtt!

## Maria-helg: Ei helg for å koble av og koble på

Vi er i gang med planlegging av neste Mariahelg og sender no ut eit lite førevarsel så de kan sette av helga: **9.-10. mars 2024**. Denne gongen tenkjer vi frå laurdag føremiddag ca.kl.11 til søndag etter middag.



Laurdag vert det tematime: «Gå aldri åleine». Tematime vil vere knytt til ei bok av Stian Kilde Aarebrot med Tittel: «Gjøre. Høre». Plastisk bibelbruk. «Gå aldri åleine» burde vere kristenvettregel nr. 1, seier han i boka si. «Å tru åleine, er som å halde liv i eit bål som består av ein vedkubbe.»

Vi har også fått med oss Sølvi Aemmer Hopland, muskar og fyrvertinne på Ulvesund fyr. Håpar også at ho blir med på gudsteneste søndag.

Som vanleg blir det god tid til prat, aktivitetar, tur, festkveld laurdag og gudstenete søndag. Pris ca. 1500,-

Komiteen arbeider vidare med fleire planer for helga. Meir informasjon om program og påmelding kjem seinare.

Helsing komiteen

*Greta Gard Endal, Cathrine Waage Tveit og Anne Nilssen Magerøy*

## Oddbjørn Bjordal, kyrkjetenar

Kyrkjjetenarar er ikkje lett å rekruttere. Ei heller hos oss. Då Dale, trass i fleire utlysingar, stod utan søkjar, vart Atle Lyngstad Ness først engasjert, så formelt tilsett i 2021. Då han ønskte å trappe ned, vart Oddbjørn Bjordal spurdt om å vere kyrkjjetenar ved nokre av gudstenestene. Frå i haust er han fast tilsett ved gudstenester, konsertar og vigslar knytt til helg.



*Å få på plass salmenumera er mellom oppgåvene Oddbjørn Bjordal har som kyrkjjetenar.*

# Konfirmasjon i Guddal kyrkje 26. august



Frå venstre: Sokneprest Knut Arne Kummeneje, konfirmant Michelle Johannessen, kantor Mark Taylor.

## Ver ein GT-agent!

I snart to tusen år har vi feira gudstenester. Menneske begynner sitt kristenliv ved å bli døypt i ei gudsteneste. Deltaking i og utbytte vert større med kjennskap til og forståing av innhaldet i gudstenestene våre.

GT-agentane er eit spennande opplegg om desse samlingane vi har i kyrkja som heiter «gudstenester». GudsTeneste = GT - Kom og utforsk gudstenesta vår som ein GT-agent!

Lær meir om dei faste songane som vi syng gjennom heile året og forteljingane frå Bibelen som ligg bak dei.

- ? Visste du at vi syng på gresk i kyrkja?
- ? Kva heiter bursdagssongen til Jesus?
- ? Kven er Guds Lam?

Svara til desse og mange andre spørsmål vil sokneprest Knut Arne Kummeneje og kantor Mark Taylor gi deg gjennom leiteoppgåver, song, rørsler, rebus, forteljing og rollespel slik at du vil vere tryggare på det som skjer i gudstenestene våre og kvifor.

## BLI MED PÅ TRUSOPPLÆRING!



STØRST AV ALT

### FOR 2-ÅRINGANE!

Laurdag 20. januar kl. 11.00 inviterer Kyrkja i Fjaler til eit opplegg for dei som har fylt 2 år. Alle 2-åringane i soknet blir invitert til ei samling på Ljosheim. Då skal vi syng songar frå Mi Kyrkjebok 2, og mellom anna lære nokre kveldssalmar. Elles skal borna bli kjent med Krølle, det vesle lammet som gjekk seg bort.



### DEN STORE FORTELJINGA!

I januar 2024 vil vi invitere "minikonfirman-tane" med på "Den store forteljinga" som handlar om Bibelen og dei mange spennande forteljingane vi kan lese der. I år blir det 5. årssteg på Dingemoen og Flekke skular som får innbyding. Samlinga blir på Ljosheim i Dale torsdag 25. januar kl. 13.15-14.30.



Så kjem gudstenesta med utdeling av Teikneserie-bibelen i Dale kyrkje søndag 28. januar kl. 11.00. Gjennom dette håper vi borna vil lære mykje om både Bibelen og gudstenesta. Vel møtt!

MT og KAK

## To samlingar

I Dale kyrkje for barn frå 4. klasse frå Dingemoen og Flekke skular.

**Samling 1:** Torsdag 7. mars kl. 11:45-13:00 for GT-agentane.

**Samling 2:** Søndag 10. mars kl. 11:00. Gudsteneste med GT-agentane og alle andre!

Vel møtt!

Mark Taylor, Kantor i Fjaler (Visste du at "kantor" er latin og tyder "songar" på norsk?)

# Begge Fjaler sine innebandylag i finalen på konfirmantfestivalen



Fjaler sitt vinnarlag vann knepent over det andre laget frå Fjaler i finalen.



Vinnarlaget frå Fjaler vann på straffeslagkonkurranse i semifinalen.

For andre gong blei Konfirmantfestivalen arrangert i Sunnfjord. Festivalen gjekk av stabelen laurdag 28. oktober i Gaularhallen på Sande, og 473 konfirmantar deltok. Eit musikkband frå St. Jakob kyrkje i Bergen laga show.

Konfirmantane var med på ulike aktivitetar som dei hadde valt sjølv, mellom anna dans, drama, kajakk, bading og førstehjelp. Det blei arrangert ei innebandyturnering der begge Fjaler sine lag møtte kvarandre i finalen, ein sær god prestasjon då mange lag frå Sunnfjord og ytre Sogn deltok.



Eit band frå Bergen laga show under festivalen, og tok med konfirmantane på enkel dans og allsong.

# Takk og velkommen!

I gudstenesta 22. oktober i Dale kyrkje blei det nye soknerådet prestantert medan det gamle blei takka for alt arbeidet og innsatsen dei har lagt ned.

Fleire soknerådsmedlemmar blir med vidare i det nye soknerådet. Det er viktig at arbeidet får denne

## DET NYE FJALER SOKNERÅD:

Trude G. Høgseth Felde, leiar  
Terje Roald Halsnes, nestleiar  
Hugo Fretland  
Sissel Irene Bringeland  
Ole Jakob Nedrebø  
Geir Magne Kleppe  
Solveig Nitter (vara)  
Elisabeth Hove Bråtane (vara)  
Kari Heier Nistad (vara)  
Lena Therese Solheim Valvik (vara)

## BLADPENGAR – GÅVE TIL KYRKJEBLADET

kr 250 for dei som bur innan kommunen.

kr 300 for dei som får tilsendt bladet med frimerke

Bankkontonr: 3741.20.73135

Vippsnummer: 557133

Det er bladpengane du betalar som gjer det mogleg for oss å gje ut Kyrkjeblad for Fjaler. Vi er takksame for at de tykkjer det er kjekt å få bladet i postkassa, og at pengar kjem inn på kyrkjebladet sin bankkonto. Vi håpar å kunne fortsetje med å gje ut tre årlege nummer.

Du som bur utanom kommunen og får bladet tilsendt med adresselapp, må hugse å **merke innbetalinga med namn og adresse** – også når du betalar via nettbank. Utan adresse får vi ikkje sendt deg bladet.

Alle som har postkasse og bur innan kommunen skal få kyrkjebladet i postkassa si. Det gjeld òg dei som har reservert seg mot reklame. Kyrkjebladet er informasjon og ikkje reklame. Skulle Posten svikte deg, har vi alltid blad liggande som du kan få på kontoret.

kontinuiteten ved at nokre fortset samstundes som det kjem nye inn.

Soknerådet har fleire viktige oppgåver. Det skal ha si merksemd på alt som kan gjerast for å vekke

det kristelege livet i soknet, at døypte blir gitt trusopplæring. Soknerådet har mellom anna ansvar for at kyrkeleg undervisning og diakoni utviklast i soknet. Rådet medverkar også ved tilsetting i kyrkelege stillingar.



Det gamle soknerådet blei takka av. Frå venstre: Sokneprest Knut Arne Kummeneje, Terje Roald Halsnes, Solveig Nitter, Liv Sandsund, Vibeke Mandelid, Sølvi Ann Solheim Løkkebø, Ole Jakob Nedrebø. Ikkje til stades av dei faste medlemmane: Trude Høgseth Felde, Merete Myromslien, Lena Therese Solheim Valvik.



Det nye soknerådet blei prestantert: Frå venstre: Hugo Fretland, Terje Roald Halsnes, Solveig Nitter (vara), Sissel Irene Bringeland, Ole Jakob Nedrebø, Geir Magne Kleppe, Elisabeth Hove Bråtane (vara), Kari Nistad (vara). Ikkje til stades: Trude Høgseth Felde, Lena Therese Solheim Valvik (vara).

# STOR KONSERT

MED FØRDE KYRKJEKOR, FØRDE TREKKSPELKLUBB OG CANTUS  
I DALE KYRKJE SØNDAG 3. MARS KL. 18.00



Førde trekkspelklubb



Førde kyrkjekor

Førde kyrkjekor og Førde trekkspelklubb har inngått samarbeid om stor konsert i Dale kyrkje. I tillegg vil Dale sitt eige kyrkjekor, Cantus, delta.

Her får vi høyre salmar frå den nye salmeboka, samt eigne innslag frå kora og trekkspelklubben.

Gro Gunnarson er leiar for Førde kyrkjekor, og blir dirigent under konserten. Inge Reksten er musikalsk leiar i Førde trekkspelklubb og har arrangert salmane for kor og trekkspelklubb.

Førde trekkspelklubb er ein aktiv klubb som tidlegare har framført salmane i lag med «Jølstrakoret» og «Sangglede» frå Florø. No vil dei framføre salmane i lag med Førde kyrkjekor.

**Konserten vert framført i Dale kyrkje søndag 3.mars kl.18.00.**

**Billett kr. 200,-  
Born tom. 15 år gratis.**



Cantus

# Kyrkjeverja vår i nesten 30 år



*Kyrkja i Dale kan feire 160-årsjubileum neste år. For kyrkjeverje Irene Fløde har det vore viktig å halde kyrkjebygningen godt ved like, både inne og ute. Den velstelte kyrkjegarden får ho gode skussmål for. Men ho har også vore oppteken av lokalkyrkjas betydning i lokalsamfunnet. Kyrkjekontoret er næraste nabo, i den kvite bygningen t.h.*

Då ho kom til Fjaler som kyrkjeverje i 1996, var Irene Fløde (68) den første tilsette i stillinga. Tidlegare var det eit frivillig ombod. Det venta henne mykje nybrottsarbeid, ikkje minst i gravplassforvaltninga. Når ho no pensjonerer seg, er skussmåla mange og gode. Vel fortent!

Som namnet tilseier kjem Irene frå Fløde på Stadt og vaks opp der. I storm og stille. Ho er utdanna gartner, med praksis både frå blomsterproduksjon og hagesenter, lengste tida på Austlandet. Ho har også bak seg to år i Stavanger, og eitt år på bibelskule. Sist på 90-talet tok

ho utdanning som kyrkjeverje i tillegg til fast jobb, ei årseining delt på to år.

## **Interkommunalt nybrottsarbeid**

I 1993 starta ho i Hyllestad som kyrkjeverje i halv stilling og vart der i ni år. Frå 1994 til 1996 hadde ho tilsvarende jobb også i Gaular. Då Fjaler, som ein av dei siste kommunane i fylket oppretta stilling som kyrkjeverje i 50% like før det vart lovpålagt, søkte Irene, fekk den og flytta til Dale. Fram til det vart heil stilling i 2002, hadde ho delt arbeidstid mellom Hyllestad og Fjaler. Og frå 2014 til Hyllestad tilsette ny,

eigen kyrkjeverje no i vår, var Irene «utlånt» frå Fjaler i 20 prosent av stillinga for å hjelpe Hyllestad med kyrkjeverjefunksjonar.

## **Trufaste medarbeidarar**

Sjølv med praksis frå Hyllestad og Gaular måtte Irene på ein måte begynne på nytt i Fjaler, då ho var den første i jobben. Her var gravprotokollar, men å få lagt fire gravplassar inn på data med ansvarshavande for samtlege graver, var eit tidkrevjande og vanskeleg arbeid.

– Sverre Løseth, som hadde hatt



ansvar for kyrkjegard og graving i Dale, var gull verd i arbeidet med å oppdatere og finne ansvarlege og festarar til gravene her, seier Irene.

Samtidig med at ho begynte på jobben i Dale, tok Reidar Langeland over med maskingraving på alle fire kyrkjegardane i kommunen. I tillegg til gravinga, held Irene fram at Reidar hjalp henne med mange små og større prosjekt rundt på kyrkjegardane. Også etter at han gav seg med graving i 2016. Saman med kona Liv Svanhild var Reidar også trufast som kyrkjetenar i Guddal i mange år, på same måte som Sigrid Kleppe var det i Hellevik og Folkestad, og Joy Taylor og Jostein Løseth i Dale. Slike tenarar er viktige å ha med på laget.

– Men kyrkjetenar er visst «ein utdøyande rase». Små stillingsprosentar og søndagarbeid freistar ikkje. – Vi har fått til ei bra løysing i Dale, i utkantane er det vanskelegare, seier Irene. Ho er glad for at firmaet til Rune Alværvik har teke på seg graving og andre oppdrag å kyrkjegardane.

### Gravplass 20 år for seint

Når vi først er inne på gravplass, kan vi ikkje la vere å nemne gravplassaka i Dale, som framleis vantar ei avklaring.

– Forvaltninga av Dale kyrkjegard har vore og er særskild arbeidskrevjande i og med at dei ikkje har rutenett å grave etter, men må måle seg ut etter nabograver for ikkje å krenkje gravfreden. Vi driv ulovleg, seier Irene og legg til at kommunen begynte arbeidet med å finne areal til ny gravplass året etter ho kom, i 1997. Hadde ny gravplass vorte etablert på Øyra, slik det burde, tidleg på 2000-talet, hadde den forlengst vore teken i bruk, og vi kunne ha drive etter lova på eksisterande kyrkjegard.

Frå 1. januar 1997 vart soknet ei juridisk eining, og kyrkjeleg fellesråd vart oppretta. Fellesrådet overtok

rettsleg handleevne som kommunane hadde tidlegare, og fellesrådet overtok arbeidsgjevaransvaret for tilsette frå kommunane. Etter soknesamanslåinga frå 1. januar 2006, vart det berre eitt råd i Fjaler, soknerådet overtok alt kyrkjeleg ansvar.

### Budsjettarbeid sentralt

Ein svært stor og viktig del av arbeidet som kyrkjeverje er å setje opp realistiske budsjett. Og ikkje minst ha god budsjettstyring. Oppvekst på gard og arbeid som gartner, samt ein god porsjon praktisk sans, er god ballast både til å sjå etter kva som trengst gjerast og finne gode løysingar. Irene får vel fortent ros for å ha hatt ei god hand om både det praktiske, sekretær for sokne- og fellesråd, og budsjettstyring. Ho er nøktern, og målet hennar har vore å få gjort litt kvart år med vedlikehald på bygningar og kjøp av nytt utstyr, etter som dei har hatt budsjettmidlar til det.

Det vil føre for langt å ramse opp alt som er gjort i hennar 27 år i jobben, men begge kyrkjene står fram i god stand, like eins er det med reiskapshus og utstyr. Men på HMS- og arkivside står et ein del att. Her er innføring av nytt arkiv- og sakshandsamarsystem på trappene.

Irene Fløde har opplevd kyrkjeverjestillinga i Fjaler som meiningsfull, interessant og varierende. Men også meir utfordrande etter som tida har gått, enn frå starten på 90-talet, mest med omsyn til krav og profesjonalisering i forvaltninga.

### Godt samarbeid

– Eg tykkjer samarbeidet med kommunen har vore godt, og gler meg over trufaste medarbeidarar som har halde ut med meg. Sigurd Wahl Sande og Mark Taylor kom to år før meg, og Knut Arne Kummeneje året før meg. Dei to sistnemnde er med framleis og får gode tilbakemeldingar. Stabile og gode tilsette er gull verd, seier Irene, som også let vel over samarbeidet med dei andre kyrkjeverjene i prostiet. Felles løysingar på felles utfordringar har sjeldan vore feil.

Ho «slapp» vere med på å peike ut etterfølgjaren sin, kollegaen i Sunnfjord vart hyrt inn til den oppgåva. Ho er glad for at det lukkast å få tilsett ein person etter tre utlysingar. At den tilsette er heimehøyrande i kommunen, bør ikkje vere noko minus.

Då Irene kom til Fjaler heldt



Ljosheim har vore eit hjarte barn for Irene, og det er ikkje få dugnadstimar ho har lagt ned her med reinhald o.a. I 2018 vart soknet eineigar, då Indremisjonen overlet sin del.

kyrkjekontoret til i andre høgda i Firda Billag-bygningen, men i 1997 kom dei seg «ned på jorda» i Dalehuset, der O. A. Skaar Bokhandel tidlegare heldt til. Rominndelinga teikna soknepresten, i samråd med dei andre tilsette, og det vart ei godt brukande løysing. Joy Taylor var sekretær i drygt 20 år. Før henne hadde Ingveig Haugen stillinga, og no har Hildegunn Hellesteth den.

### «Alt for Ljosheim»

Irene har også administrert utleige og reinhald av Ljosheim, der soknet fekk overta Indremisjonen sin part vederlagsfritt i 2018. Der har det vorte ein god del dugnad på henne, både med reinhald og anna. Ho har heller ikkje gått av vegen for å setje seg på plenraktoren og slå gras på kyrkjegarden sjølv. Så det er absolutt hennar fortjeneste når det blir lagt merke til og kommentert, ikkje minst frå personar utanfrå, at kyrkjegarden i Dale framstår svært velstelt og tiltalende.

Både snørydding, strøing og slått er sesongarbeid og såleis vanskeleg å få stabil arbeidskraft til. Då er det godt med ei kyrkjeverje som ikkje er kviafull, men tek slåttejobben sjølv.

Ho har lova å ta unna nokre prosjektoppgåver på pensjonistvilkår i ein overgang. Så ho vinker ikkje Fjaler farvel straks ho har overlata plassen til Kristin Kalstad.

Tekst og foto: Atle Lyngstad Ness



Irene stikk gjerne ein tur til fjells når høvet byr seg, helst i lagleg vær. Å komme seg på sjøen og dorge etter lyren heime på Fløde, her i leia til Stad skipstunnel, er heller ikkje å kimse av.

## ALVÆRVIK CONTAINERSERVICE AS

- Containerutleige 8 m<sup>3</sup> – 35 m<sup>3</sup>
- Vi tar på oss alt av transportoppdrag
- Vi hentar alt av stålskrap

# 90 20 11 00

CONTAINERUTLEIGE • [rune.container@gmail.com](mailto:rune.container@gmail.com)



# Ikkje på mi vakt! Ny gravplass i Dale – tilbake til før start

«Vi set ein fot i bakken for gravplassen på Øyra. Vi ser an behovet før vi ser på alternative løysingar.» Ny ordførar i Fjaler Leif Jarle Espedal (Ap) uttalte dette til Firda (nett) 14. september 2023. (Overskrifta på artikkelen var «Dei tek makta i Fjaler – vraka Høgre og SP) At dei vil sjå på alternative løysingar tolkar eg slik at det nye fleirtalet i kommunestyret ikkje ønskjer å satse meir på Øyra.

*Sjå an behovet.* Det mest skremmande er at det framleis synest som om det er fleire som ikkje trur at det er eit reelt behov for ny gravplass. Ein tenkjer vel ikkje at alle ønskjer kremasjon og oskespreiing?

## Ikkje på mi vakt!

Så skulle det ikkje bli ny gravplass i Dale på «mi vakt» som har vart i heile 27 år. No har eg pensjonert meg. Trist at ikkje gravplassen vart etablert på Øyra på starten av 2000-talet, i samsvar med det som var tilrådd av kyrkjegardskonsulenten, og då det var lov til å heve terrenget. Då var argumentet til kommunen, som har ansvar å skaffe areal til gravplass, at ein ikkje kunne bruke Øyra til gravplass. Kva ein elles skulle bruke Øyra til vart vel ikkje kommunisert. Men på uttalen i Firda synest det som om «toget har gått» for gravplass på Øyra.

## Ulovleg gravplassforvaltning i Dale

Framleis må vi drive vi med ulovleg gravplassforvaltning på gravplassen i Dale. Kva er ulovleg: Det er ikkje rutenett å grave etter (gravkart ordna i rekke og kolonne). Mange av gravene er under minstemålet for grav. Så lenge ny gravplass ikkje har vore klar, har omregulering av eksisterande venta. No kan ein ikkje drive ulovleg lenger, gravplassen MÅ bli omregulert, og det hastar.

## Omregulering

Omregulering: større gravbreidde og gravlengde, samt teikning av gravkart (rutenett). Fredingstida for ei grav er 25 år. Så lang tid må det gå før ein har lov å ta den i bruk på nytt. Ved omregulering må ein grave etter nytt gravkart. Då vil så mange graver bli «låst», at det vil gå kort tid før det er fullt på alle gravfelta. Dette fordi ein no gravlegg rundt om på alle felta, med unnatak av dei to felta ned mot elva. Ein vil ha graver overalt der fredingstida ikkje har gått ut, og som ein må ta omsyn til ved graving etter nye gravkart. Gravfreden kan ikkje bli krenkt - kva vil ein då gjere?

## Gravplassen er for alle

Difor har det skjedd namneendring. Kyrkjegard heiter



no gravplass. Gravferdslov heiter no gravplasslov. Nye gravplassar vert oftast no etablert med avstand til kyrkjebygget. I Fjaler kan ein ikkje bruke meir tid på, meir eller mindre, useriøse framlegg som å rive ungdomsskolen, ja, rive Ljosheim har òg vore nemnt, for å få plass til nokre graver. På lang sikt bør eksisterande gravplass rundt kyrkja bli kraftig «tona ned» med omsyn til tal graver, og få meir buskar, tre og benkar.

## Nytt gravplassareal – plassering

Når ordføraren uttalar at dei vil sjå på alternative løysingar, tolkar eg det som at dei (han uttalar seg på vegner av fleirtalet i kommunestyret) her meiner alternativ plassering, alternativt areal. Dette sjølv om det nye kommunestyret enno ikkje har handsama saka om Øyra. Skal ein sjå på alternativt areal, er mitt (kyrkjeverje som har slutta) syn at det er eitt areal som eg synest peikar seg ut, og det er ytst på Bjerga, mot sjøen. Arealet ytst på Bjerga bør undersøkjast for kvikkleire, og viss der ikkje er kvikkleire, bør arealet regulerast til gravplass. Det må etablerast gravfelt for kister og urner, med mogelegheit for utviding etter behov. Eitt av felta må ha slik retning at det óg kan nyttast av muslimar. Det må etablerast namna minnelund for både kister og urner, med felles minnestein, der ein festar namneplater. Soknerådet, som og er nytt i haust, har ikkje diskutert dette enno, så dette er mitt personlege syn.

## Lukke til med arbeidet!

Eg håpar det ikkje tek lang tid før ny kyrkjeverje får mindre krevjande gravplassforvaltning enn det er med Dale gravplass i dag.

Helsing Irene  
Pensjonert kyrkjeverje

# Jubileumskonsert med fart i

Det er helst eit lite brotsverk å skrive om jubileumskonserten i Dale kyrkje siste søndagen i oktober, utan å leggje ved ei lydfil.

Her var det fart og lyd til tusen. Kyrkjetaket er tungt, men det var like før vi såg lyset frå fullmånen under gesimsen. Applausen og honnørorda etterpå er prov for at dette var noko å leve på, og som varma godt ut i den minusgrader kalde kvelden.

Det er ikkje lett, og ikkje rett heller, å rangere dei 15 innslaga. Aller minst for ein lekmann, sjølv om det er subjektivt kva du og eg sit att med etter ein slik kveld. Heilheita avgjer. Men

det er nok Mark Taylors virtuosiske orgelspel dei fleste hugsar best.

## Imponerende

I gulingen Mons Leidvin Takles «Sarajevo» held det ikkje for organisten å vere sprek som ein orre på topp, som Jakob Sande skriv. Her går det unna: fartsgrenseskilta er skrudde ned, setebeltet festa, armar, føter og fingrar har både autopilot og cruisekontroll påkøpla. Slagverk, bass- og sologitar fylte ut lydbildet på ein god måte. Dette var imponerende. Tøfft!

## God variasjon

Konsertprogrammet var sett saman til eit 40-årsminne for Bruno Christensen-

orgelet som vart offisielt teke i bruk 20. november 1983. Mark Taylor dirigerte Cantus, og dei opna konserten med Egil Hovlands «Dette er dagen». Saman med Dalsfjorden spelemannslag framførde dei kyrie og gloria frå gammaldansmesse, tilrettelagt av Henning Sommerro. Under leiing av dirigent William Sowerby Anthun spelte Dale musikkorps «Tre renessansedansar», og saman med orgelet «Streif av sol» og det grandiose avslutningsnummeret «The last Chord».

## Vel verd å feire

Anne Marte Ospedal Haugen var solist med Mark på orgel i to



Bandet med f. v. Mats Systaddal, John Trygve Mulhearn Evensen og Øyvind Rye Dypvik sette farge på fleire av innslaga.



Alt kan spelast på dette orgelet, eit fantastisk instrument, sa Knut Arne Kummeneje i takke-orda.



Anne Marte Ospedal Haugen var solist i tre av innslaga.



Dale Musikkorps for første gong med pauker, på lån frå Førde.



William Sowerby Anthun dirigerte musikkorpsset.



Som kyrkjeor har Cantus og orgelet følgt kvarande i alle desse 40 åra. Denne kvelden var koret noko amputert, men bidrog godt.

innslag, og i «The final countdown» kompletterte Øyvind Rye Dypvik, John Trygve Mulhearn Evensen og Mats Systaddal duoen. I soloinnslaga på orgel hadde Mark med verk av Robert Schumann, Camille Saint-Säens og Edward D'Évry.

Dei frammøtte fekk vere med på allsongen «Himlens konge vil vi prise».

### Brukande til alt

I takkeorda heldt soknesprest Knut Arne Kummeneje fram verdien av å ha eit så framifrå instrument som Dale kyrkje har. – Det har gitt oss mykje glede, men er godt å ha også i sorga. Alt kan spelast på dette instrumentet. Han rosa orgelnemnda for deira innsats, folket som gav pengar, og Fjaler kommune som gjorde kjøpet mogleg for 40 år sidan. – Veit de forresten definisjonen på ein idealprest? spurde Knut Arne til humring frå benkane. Han gav sjølv svaret: – Den presten er 29 år og har 40 års erfaring. Her er det omvendt: Orgelet er 40 år, og Mark spelt på det i snart 29 av dei!



Kantor Mark Taylor hadde ein av dei travlaste timane på orgelkrakken i dei 29 åra han har brukt instrumentet

# Frå tankbåt til kyrkjeskip



Her i guddalskyrkja gifte Kristin Kalstad seg for to år sidan, og no er tilsyn med kyrkja i heimekrinsen ei av mange oppgåver ho har som kyrkjeverje.

I desse dagar tek Kristin Kalstad (33) over som kyrkjeverje i Fjaler. Ho er van med å vere styrmann, men overgangen frå kjemikalietankar på 182 meter til den lokale kyrkja er stor.

Kristin kjem frå Volda kommune, ved Kilsfjorden, nær Folkestad. Men odelsjenta såg ikkje for seg å ta over garden der ho voks opp. I staden bestemte ho seg i ungdomsskuleåra for ei karriere til sjøs og la opp eit målretta utdanningsløp etter det.

## 10 år i utanriksfart

På dei 10 åra i utanriksfart var ho innom nesten alle kontinent og verdshjørne, bortsett frå Oseania og Antarktis, med reiarlaget Odfjell i Bergen som arbeidsgjevar. Det vart mange eksotiske opplevingar, og ho sette pers med å føre eit farty på 182 meter og 40.000 dødvekttonn. For henne er Suezkanalen og Panamakanalen like «nær» som

Bogevatnet på Guddal, som ho no har utsyn til frå heimen i Engjeneset.

Etter tenesta ute, vart ho tilsett i Fjord 1, og siste jobben var på ferja Askvoll-Gjervik.

## Småbarnsmor og bonde

Sidan 2018 har ho halde lag med Jens Andreas Kalstad, og for to år sidan gifte dei seg i guddalskyrkja. Dei har to gutar, på 2 ½ og 1 år, så Kristin slepp lure på kva ho skal fylle dagane med. Jens Andreas arbeider for Hywer i Dale, og sidan begge gutane har plass i Elvetun barnehage, kan dei no køyre i samla flokk til Dale og gå kvar til siitt der.

Heime på garden i Engjeneset har dei alpukka og norsk kystgreit. Ikkje så mange av kvart slag enno, men dei satsar på å byggje opp buskapen litt etter litt. Alt frå januar-februar blir det meir livleg når småkjea kjem.

## Først nei, så ja

- Korleis kom styrmannen på å søkje som kyrkjeverje?

- Ja, det kan du spørje om. Av og til legg ting seg slik til rette at du kan føle det er ei meining med det. Stillinga var lyst ledig to gonger utan at eg visste det og utan at nokon søkjar melde seg, seier Kristin.

- Då den vart lyst ut for tredje gong, tipsa svigermor meg om den. Men eg tenkte at eg med min bakgrunn ikkje ville vere noko førsteval der. Vi damer er vel litt flinkare enn mennene til å snakke oss sjølve ned, så eg skubba den tanken til sides. Men då Jens Andreas også ymta frampå om det kanskje kunne vere noko, bestemte eg meg etter litt omrømingstid: Eg søker, det kan ikkje skade, fortel Kristin.

## Sentral utkant

Korleis vi snur og vender på det, er Guddal ein utkant. Men 99 prosent av tida er Kristin fornøgd med å bu der. - Eg visste kva eg gjekk til, og



Overgangen frå brua på kjemikalietankarar verda rundt til kyrkjekontoret i Dalstunet er stor, men der er også likheitstrekk. (privat foto)

eigentleg er det ganske sentralt, med etter måten kort veg til Lavik i sør og Askvoll i vest, Vadheim i aust og Førde i nord. Vi vantar ein del basistilbod som butikk, med her er mykje å vere med på for dei som vil: Guddalskoret, 4H-klubb, grendelag, ungdomslag, aktiv på dag, og vi har grendehus, seier Kristin.

Ho gler seg til ho for alvor kjem i gang i den nye jobben. Det er både spennande og litt skummelt. Mykje nytt å setje seg inn i og mange nye å verte kjend med. Dei første tre vekene av november, arbeidde ho på opplæring med Irene Fløde og tok formelt over 24. november. Ho slapp heldigvis å stupe rett ned i budsjettarbeid med ein gong.

### Varierte oppgåver

Til stillinga ligg ikkje berre å vere dagleg leiar for soknet og ha administrative oppgåver. Ho har arbeidsgjevaransvar og personaleiing for dei tilsette, er sekretær for sokneråd/fellesråd og må samarbeide breitt. Drift og vedlikehald av kyrkjebygningar og gravplassforvaltning ligg også til stillinga. I utlysinga heitte det: «Kan måtte steppe inn med praktiske gjeremål ute i feltet».

- Akkurat det å vere allsidig samsvarar med slik eg hadde det på sjøen. Ingen dagar var heilt like, vi måtte ta ting på sparket. Og det å komme seg ut av kontoret trur eg skal verte både kjekt og viktig, seier Kristin.

Ho omtalar seg sjølv mest som ein tradisjonell kyrkjebrukar, ved høgtider og viktige hendingar i livet, som dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. I ein travel fase med små ungar og arbeid på garden, blir det ikkje tid til så mykje anna med 100 prosent jobb og mykje nytt å setje seg inn i. Litt etter litt håper Kristin å møte menneska rundt i soknet og skaffe seg oversikt og meir kunnskap om oppgåvene som ligg til jobben.

### Lyttande leiar

Kristin fekk plass i soknerådet ved siste val, men den måtte ho overlate til 1. vara. Ho skal sitje på andre sida av bordet.

- Liker du å sjefe?

- Eg har fått høyre at eg gjer det, litt, ler Kristin. Faktum er at når det er noko eg kan og veit, då er det lett å bestemme. Men eg har ikkje noko problem med å lytte til andre og gode råd og søkje kunnskap som eg vantar. Det håper eg skal tene meg godt i den nye jobben, seier Kristin kyrkjeverje.

Tekst og foto: Atle Lyngstad Ness



Kristin Kalstad vart presentert for kyrkjelyden av Terje Roald Halsnes i Dale kyrkje.

# Sunnfjord Gravferdsbyrå



Vi vil på beste måte hjelpe  
dykk som pårørende,  
med alt som høyrer ei  
verdige gravferd til.

Blomstertorget AN • Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569

# Eit barn er fødd

Familien på åtte bur i ein skiten kjellar på niande året etter at dei flykta frå Syria til Libanon. Åtte år gamle Mohamad har alle odds mot seg.

I det vi går inn i den nedslitte bygarden, byrjar vi å gå opp trappene, men blir fort bedne om å snu for å gå ned. Nedover og nedover. Forbi søppelrom, lagerrom og nærmare og nærmare lukta av kjellar.

Til slutt stoppar vi nedst, der det for det meste er buer, noko tøy som heng til tørk og stablar av ting ingen andre treng. Mora trekkjer ein fillete gardin til sida, og viser oss inn på eit rom med tre madrassar. Her bur dei alle saman. Mor, far og seks søsken. Her enda flukta frå Syria og draumen om eit nytt liv etter krigen.

## Støtte til mor og barn

I ni år har familien kome til helsesenteret vi driv saman med partnarane våre, vi tok oss av mora då ho ikkje greidde å betale for seg på butikken. På helsesenteret har barna fått tett oppfølging, i tillegg til både vaksinar og medisinar.

– Livet er hardt, seier mora stille. Ho ønskjer å vere anonym. Slik dei bur er for skamfullt for henne å vise fram.

Helsesenteret har støtta mora gjennom fødslane, men også sytt for at dei har fått pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.

– Vi hadde ikkje greidd oss utan, seier ho.

Familien på åtte er berre ein av mange familiar som slit i Libanon

### SLIK GJEV DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:

- Vipps eit valfritt beløp til 2426.
- Send GAVE på sms til 2426 og gje 300 kroner.
- Gåvekonto: 1594.22.87248



no. Prisane på mat har mangedobla seg, det offentlege tenestetilbodet har kollapsa, folk har mista sparepengane sine og fattigdomen aukar fort. Kjønnsbasert vald har auka med 300 prosent, og vassmangelen er enorm. Landet er også hardt råka av Ukrainakrigen. I Libanon er det no ei femdobling av bensinprisane, firedobling av prisen på matolje og firedobling av prisane på brød og sukker sidan Ukrainakrigen braut ut.

I over 20 har Kirkens Nødhjelp drive helsesenter her, og Fady Iskandar, som er prest og samarbeidspartnar, seier at situasjonen for menneska her har forverra seg berre dei siste åra.

– Vi har ikkje sett byrjinga ein gong, problema har berre blitt større og større. Valden aukar, fattigdomen aukar og mange slit, seier han.

Kyrkja ligg rett over gata for helsestasjonen, og er syrisk ortodoks. St. Jacob er kjend for å ta imot minoritetar frå Syria, Irak og fattige frå

Libanon.

– Vi vil diverre berre sjå fleire problem i framtida.

Aldri før har det vore viktigare at kyrkja og helsesenteret står saman. Kyrkja ser kven som har det ekstra tøft, og viser dei til helsesenteret, slik at dei får hjelp der nøda er størst.

Vi skal snart feire jul og minnest den natta spedbarnet, Jesus, vart fødd inn i ei verd med konflikt, fattigdom og nød. Men sjølv om verda rundt var kaotisk, så var han trygt omringa av sine nærmaste. Mohamad er eit av dei barna som er omringa av sine nærmaste, sjølv om han vart fødd inn i den same verda som Jesus. Ei verd med konflikt, fattigdom og nød.

Oppdraget vårt er å hjelpe barn som Mohamad og liknande familiar. Saman med deg kan vi gje endå fleire barn og deira mødre, tilgang til hjelp under fødsel, vaksinar, pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.





# BARNAS

## Finne 10 namn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



Å	F	J	O	D	E	L	I	J	Q
U	B	E	T	L	E	H	E	M	A
M	E	S	S	I	A	S	N	A	U
U	L	U	I	G	U	G	G	R	G
J	O	S	E	F	F	J	E	I	U
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	S
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	T
S	M	A	K	K	I	A	L	F	U
I	P	S	I	D	U	R	K	I	S
K	R	U	B	B	E	A	Y	V	I
I	R	A	B	A	B	R	A	B	Ø

## Fargelegg!



## Finne fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Asbjørn Tønnesen



## VELKOMEN TIL KYRKJE

### Søndag 10. desember

Guddal kyrkje kl. 16.00: Lysmesse. Guddalskoret deltek.  
Offer til Alværa.

Folkestad kapell kl. 19.00: Lysmesse med konfirmantane.  
Elevar frå kulturskulen og julesongar v/songgruppa for vaksne.  
Offer til Alværa.

### Søndag 17. desember

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Kyrkjekaffi.  
Offer til Redd Barna.

### Tysdag 19. desember

Den store julekonserten med lokale artistar.  
Kollekt til fond for kyrkjemusikk.

### Julaftan

Folkestad kapell kl. 11.00. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Guddal kyrkje kl. 13.30. Guddalskoret deltek.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.

Dale kyrkje kl. 16.00. Dale barnekor deltek.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.

### Juledag

Dale kyrkje kl. 12.00: Høgtidsgudsteneste. Cantus og Dale  
musikkorps deltek. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

### Nyårsaftan

Dale kyrkje kl. 16.00.  
Solosong v/Anne Marte Ospedal Haugen.

### Søndag 14. januar

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.

### Søndag 21. januar

Folkestad kapell kl. 11.00: Gudsteneste.

Stramsnes grendahus kl. 13.30: Gudsteneste. Kyrkjekaffi.

### Søndag 28. januar

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Minikonfirmantane  
og Dale barnekor deltek. Utdeling av Bibelen.

### Søndag 4. februar

Guddal kyrkje kl. 11.00. Guddalskoret deltek.

### Søndag 11. februar

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Cantus deltek.

Folkestad kapell kl. 19.00: Syng-med-oss-kveld med  
salmesong og kveldsmat.

### Søndag 25. februar

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.

### Søndag 3. mars

Folkestad kapell kl. 11.00: Gudsteneste.

Dale kyrkje kl. 18.00: Salmekonsert med Førde kyrkjekor,  
Førde trekkspelklubb og Cantus.  
Billetsal kr. 200,-. Born opp til 15 år gratis.

### Søndag 10. mars

Familiegudsteneste. GTagentane og Dale barnekor deltek.

### Søndag 17. mars

Dale kyrkje kl. 19.00: Samtalegudsteneste

### Tysdag 19. mars

Dale kyrkje kl. 19.00: Solidaritetskonsert med kulturskulen,  
UWC og Cantus.

**Sjekk [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no), [facebook.com/FjalerKyrkja](https://www.facebook.com/FjalerKyrkja)  
eller sjå "Det skjer" i Firda på nett for oppdatert informasjon.**



facebook



Kyrkja i Fjaler er på Facebook:  
[www.facebook.com/FjalerKyrkja](https://www.facebook.com/FjalerKyrkja)

Her finn du oppdatert informasjon om  
gudstenester, konsertar, osv.

Vi har også heimeside: [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)

# I kyrkjelyden sidan sist

## Vigde

### Dale:

18.08.2023 Hege Vagstad og Frode Hellebust

## Døpte

### Dale:

10.09.2023 Taran Hjartholm Løkkebø

22.10.2023 Frøya Haugen Halsnes

19.11.2023 Mia Bugge Nedrebø

## Døde

### Hellevik:

09.07.2023 Per Ivar Lone f. 1945

### Folkestad:

15.07.2023 Sissel Hanne Furset f. 1955

17.09.2023 Reidar Normann Einen f. 1950

### Guddal:

02.08.2023 Harald Johnny Gallefoss f. 1952

18.08.2023 Oddlaug Herdis Nøtsund f. 1932

### Dale:

29.06.2023 Greger Larsen f. 1943

11.08.2023 Anny Kjellaug Aase f. 1936

14.08.2023 Kåre Haugland f. 1930

25.08.2023 Ole Jarstad f. 1962

09.09.2023 Sigrid Jensen f. 1921

16.09.2023 Oddveig Marie Rakneberg f. 1964

## Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 250 / 300 for året.

Redaktør: Knut Arne Kummeneje og  
Hildegunn Helleset

Prent: Printfarm AS

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

## Kyrkja i Fjaler

[www.kyrkja.no/fjaler](http://www.kyrkja.no/fjaler)

Fjaler sokn

Dalstunet

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 57 73 97 70 / 40 50 94 52



## Kyrkjekontoret er ope

måndag-torsdag kl. 09.00 - 14.00

fredag kl. 09.00 - 12.00

## Tilsette med kontorplass:

**Sokneprest Knut Arne Kummeneje**

mobil: 908 55 230

knakum@fjaler.kyrkja.no

## Kyrkjeverje Kristin Kalstad

mobil: 917 15 126

kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

## Kantor Mark Taylor

jobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449

kantor@fjaler.kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

## Sekretær Hildegunn Helleset

jobb: 40 50 94 52, mobil: 909 60 321

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

onsdag og torsdag

## Kyrkjetenarar:

### Dale kyrkje

Gudsteneste: Oddbjørn Bjordal tlf: 482 49 547

Gravferd: Atle Lyngstad Ness tlf: 911 49 806

### Folkestad kapell:

Randi Fretland tlf.: 909 57 857

### Guddal:

### Vedlikehald av Hellevik og Folkestad

gravplassar Jostein Folkestad

### Fjaler sokneråd

Leiar Trude G Høgseth Felde tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701

## JULEGUDSTENESTER 2023

### JULAFTAN

FOLKESTAD KAPELL KL. 11.00

GUDDAL KYRKJE KL. 13.30

DALE KYRKJE KL. 16.00


### 1. JULEDAG

DALE KYRKJE KL. 12.00

### NYTTÅRSAFTAN

DALE KYRKJE KL. 16.00





Deilig er jorden,  
prektig er Guds himmel,  
skjønn er sjelenes pilgrimsgang.  
Gjennom de fagre  
riker på jorden  
går vi til paradiset med sang.

Tider skal komme,  
tider skal henrulle,  
slekt skal følge slekters gang.  
Aldri forstummer  
tonen fra himlen  
i sjelens glade pilgrimssang.

Englene sang den,  
først for markens hyrder;  
skjønt fra sjel til sjel det lød.  
Fred over jorden,  
menneske fryd deg.  
Oss er en evig Frelser født

## INFORMASJON

Avsendar: Fjaler kyrkjekontor  
Dalstunet, Dalsvegen 105a  
6963 Dale i Sunnfjord

# God jul!